

## Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

YMSE

### **Fagskulen som ein del av grunnskulen ?.**

Styret vedtek at det skal leggest fram ei sak om fagskulen skal vere organisert i KD saman med grunnskulen, og ikkje saman med anna høgare utdanning i høve til ny fordeling av ministerpostane. Administrasjonen utarbeider eit skriv og sender til Kunnskapsdepartementet.

### **Dialogmøte.**

Det ligg føre eit forslag om å samle styra i dei ulike fylka til eit dialogmøte.

### **Møtegodtgjersle/styregodtgjersle.**

Ein må finne ut korleis ein skal skrive møtegodtgjersle/styregodtgjersle slik at alle gjer det likt. Administrasjonen sender ut ei melding om rutine for dette. Det blei også stilt spørsmål om føring av møtegodtgjersle kan gjere utslag på budsjettet.

### **Vedk. kursverksemd.**

Rosalind Fosse ytra ønske om ein eigen post for kursverksemd i budsjettet. Det er mangel på eit føreseieleg investeringsbudsjett. Ved å ha eit slikt budsjett vil ein kunne planleggje innkjøp av utstyr mykje betre.

### **Investeringsmidlar**

Styret ber administrasjonen sende førespurnad til fylkesrådmannen om at fagskulen må få eit eige investeringsbudsjett som er skilt frå investeringsbudsjettet ved dei vidaregåande skulane.